



Arkivnr: 2014/16834-2

Saksbehandlar: Sigrid H Aardal

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Opplærings- og helseutvalet		16.09.2014

Administrasjonsspråk i Hordaland fylkeskommune

Samandrag

På møtet i Opplærings- og helseutvalet 3. juni la fylkesrådmannen fram meldingssak RS4214 om administrasjonsspråket i HFK. Til meldingssaka RS4214 vart det gjort vedtak om at Opplæring- og helseutvalet ønskte ei sak om administrasjonsmålet i fylkeskommunen.

Fylkesrådmannen legg fram sak med orientering om kva som er gjeldande vedtak og kva saksgang som må nyttast dersom ein skal endra administrasjonsspråket i Hordaland fylkeskommune.

Forslag til vedtak

Opplærings- og helseutvalet tek saka til orientering.

Johnny Stiansen
konst. fylkesrådmann

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Fylkesrådmannen, 08.07.2014

I møteboka for opplærings- og helseutvalet 13.05.2014 kjem det fram:

Forslag frå representanten Anette Netteland Dybvik:

«Ønsker sak om administrasjonsspråk i fylkeskommunen. Dvs. at man ønsker å vurdere å gå fra å ha nynorsk som administrasjonsspråk til å kunne benytte både bokmål og nynorsk (jfr. oversendingsforslag fra representant Femoen 06.04.11). Dette for å sikre kvaliteten i skriftspråket».

Forslaget vart vedteke oversend fylkesrådmannen mot 6 røyster (SP/KRF/AP).

På møtet i Opplærings- og helseutvalet 3. juni la fylkesrådmannen fram meldingssak RS4214 om administrasjonsspråket i HFK. Der vart det vist til at det det ikkje er røysta over realiteten i forslaget. Det er derimot røysta over om forslaget skulle oversendast til fylkesrådmannen.

Til meldingssaka RS4214 vart det no gjort eit vedtak:

«OPHE ønskjer ei sak til neste møte»

Lov om målbruk i offentleg teneste (mållova)

§ 5.

Eit kommunestyre kan gjere vedtak om å krevje ei viss målform i skriv frå statsorgan til kommunen, eller gjere vedtak om at kommunen er språkleg nøytral. Tilsvarande vedtak kan fylkestinget gjere for fylkeskommunen.

Så lenge ein kommune eller ein fylkeskommune ikkje har gjort vedtak som nemnt i denne paragrafen, skal han reknast for å vere språkleg nøytral.

Kommunar og fylkeskommunar skal melde vedtak etter denne paragrafen til departementet, som syter for at vedtaka blir gjorde kjende i statstenesta.

Gjeldande vedtak for administrasjonsmålet i Hordaland fylkeskommune.

Fylkestinget gjorde 16. juni 1981 slikt vedtak i sak 42:

- I. Fylkestinget stadfester at administrasjonsmålet i Hordaland fylkeskommune er nynorsk.

I medhald av § 5 i lov av 11. april 1980 om målbruk i offentleg teneste krev Hordaland fylkeskommune at skriv frå statsorgan til fylkeskommunen skal vera på nynorsk.

I den same saka (42/1981) vedtok fylkestinget ny ordlyd i paragrafen om målbruk i reglementet for fylkestinget:

2. § 8 i Reglement for Hordaland fylkesting får slik ny ordlyd:

§ 8. Målforma.

Saker til fylkestinget frå fylkeskommunale institusjonar og tenestemenn skal vera på nynorsk så langt råd er etter lov om målbruk i offentleg teneste av 11. april 1980 og vedtak av fylkestinget -juni 1981. Det same gjeld fylkesadministrasjonen si førebuing av sakene til fylkestinget.

Fylkesadministrasjonen skal likevel svara på skriv i den målforma som er nytta i skrivet.

Medlemene av fylkestinget har rett til å nytta den målforma dei ønskjer.

Møteboka vert ført på nynorsk.

Tilsvarande paragrafar om målbruk var tekne inn i reglementet for fylkesutvalet og personalreglementet.

Punkt 1 i fylkestinget sitt vedtak frå 16. juni 1981 gjeld framleis.

Reglementa for fylkesting, fylkesutval og personalreglement har vore fornya fleire gonger sidan 1981. I dei gjeldande reglementa er vedtaket om målbruken i fylkeskommunen (Fylkestingssak 37/95), teke opp i reglementet for sakshandsaming punkt 1:

1. Målform

Innkallingar, saklister, saksførelegg og møtebøker skal vera på nynorsk.

I personalreglementet heiter det:

20. Administrasjonsmål

Administrasjonsmålet i Hordaland fylkeskommune er nynorsk. Etter lov om målbruk i offentleg teneste har publikum likevel krav på å få svar på den målforma dei sjølv nyttar.

Av dette ser ein at nynorsk som administrasjonsmål har lang tradisjon i Hordaland fylkeskommune.

Saksgang ved endring av målform.

Vedtak om kva målform ein skal nyta som administrasjonsspråk i Hordaland fylkeskommune er gjort av fylkestinget. Kva målform som skal nyttast er og teke inn i delegasjonsreglementet. Dersom den vedtekne målforma skal endrast slik at ein kan nyta både nynorsk og bokmål, krev dette at det vert gjort nytt vedtak av fylkestinget.

Endringar i "Delelegasjonsreglementet for Hordaland fylkeskommune" må og gjerast av fylkestinget.